

NÅR SKODDA SIG INN

Av og til, viss eg vil gløyme alt,
Tenkjer eg at eg kan setje meg ned på eit svaberg
Og høyre på vinden og bølgiene som slår
Og ståket frå måsane (som det var fleire av før)
Som lik grådige englar kranclar om fiskesloet
Vi slengde i flomålet med sine ka-ka-ka-ka og skaa-skaa
Men likevel blir ikkje alt eg vil gløyme
Heilt borte

Men når *det* vart stilt
Når vinden forsvann og tagde
Då seig *skodda* inn
Då seig *skodda* inn
og strauk ut alt som
flimra og forstyrra

Og eg tenkjer at, er det eigentleg det eg vil,
Gløyme alt? Som om det å gløyme alt skulle løyse noko?
Eller – kvifor skal ein absolutt løyse alt?
Er det ikkje like greitt å lære av måsane
Som lik grådige englar kranclar om fiskesloet
Vi slengde i flomålet med sine ka-ka-ka-ka og skaa-skaa
Og eg tenkjer at eg kanskje ikkje vil gløyme alt
Men likevel – av og til

- når *det* vart stilt
Når vinden forsvann og tagde
Då seig *skodda* inn
Då seig *skodda* inn
og strauk ut alt som
flimra og forstyrra

Ja, når det blir stilt
Når vinden døyr og teier
Då sig *skodda* inn
Då sig *skodda* inn
og stryk ut alt som
flimrar og forstyrrar